



## Notat

Dato: 17.08.2015  
Arkivsak: 2014/13940-5  
Saksbehandlar: ingskei

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Kriteriedata til inntektssystemet

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sende den 10.07.2015 ut brev som viser oppdaterte data som vil bli nytta ved utrekning av rammetilskot til fylkeskommunane i 2016. Alle data som skal nyttast var ikkje klare på dette tidspunktet. Fleire data vil bli lagt ut seinare. Ein får dermed ikkje fullstendig oversyn over korleis ein vil kome ut.

Det var særleg eitt kriterium som viste overraskande stor endring for Hordaland: «Innbyggere bosatt spredtbygd». Talet for Hordaland går ned frå 104 026 til 87 420, nær halvparten av reduksjonen for alle fylkeskommunane samla. Indeksen for dette kriteriet går dermed ned frå 1,04 til 0,90. Dette vil gje eit tap for Hordaland i storleiksorden 38 mill. kr.

På nettsidene til SSB finn ein følgjande forklaring:

«Fra og med tettstedsstatistikken 1. januar 2013 har SSB tatt i bruk en ny metode for avgrensning av tettsteder. Den nye metoden gir en mer nøyaktig avgrensning, der tettstedenes yttergrenser (randsonen) i større grad vil følge grensene til veier og bebygde elementer, som tomtegrenser.

Endringen medfører et tidsseriebrudd i statistikken. Det betyr at tall fra gammel og ny metode ikke kan sammenliknes direkte. Tettstedsdefinisjonen er likevel den samme som tidligere, men den nye metoden gir en mer nøyaktig avgrensning der tettstedsgrensene blir bedre tilpasset grensene for bebygde og opparbeidede arealer.»

Ein har hatt kontakt med Kommunal- og moderniseringsdepartementet og gjort merksam på at denne endringa i kriteriedata slår spesielt negativt ut for Hordaland. Departementet har svara at ein vil sjå på saka.

Fylkesrådmannen er likevel uroa for at Hordaland fylkeskommune må rekne med lågare vekst i dei frie inntektene enn det som vart lagt til grunn i rammesaka som fylkesutvalet handsama i juni. I rammesaka vart det lagt til grunn at Hordaland ville få ein realvekst i dei frie inntektene på om lag 40 mill. kr. Det er no fare for at veksten vert lågare.